

Medlemsinfo juli 2022

TILSKOT TIL LOKALLAG

Styret i SFSG vil nok ein gong minne om at det i budsjettet for 2022 er sett av kr 100 000,- til aktivitet i lokallaga. Lokallaga kan søkje på førehand på grunnlag av ei plan og eit budsjett for aktiviteten. Lokallaget kan òg søkja etter at aktiviteten er gjennomført. I begge høve må det sendast inn ein kort rapport og rekneskap for tiltaket, for at pengane skal verte utbetalt. Styret i SFSG kan løyve opp til 60% av godkjend kostnad, men ikkje meir enn at eit eventuelt underskot vert dekket. Det vert ikkje løyvd pengar til gjennomføring av årsmøte og kåring.

Søknadsfristen er **15.08.22**.

Styret vil handsame alle søknader på styremøte 19. og 20. august.

KURS I KADAVERSØK

SFSG søkte, 15.01.22 om midlar til gjennomføring av to kurs i kadaversøk. Etter 5 månader fekk vi svar på søknaden. Vi fekk eit tilskot på kr 20 000, som er lågare enn det vi søkte om til eit kurs. Rapport om bruk av midlane skal vere inne innan 1. desember 2022.

Etter dei prisane vi har fått frå Norske Kadaverhunder, kostar eit slikt kurs for 8 ekvipasjer, Kr 24 600,- + køyring og overnatting i enkeltrom.

SFSG tek sikte på å få skipa til eit slikt kurs i oktober. Før det vert bestemt kor kurset skal arrangerast, ønskjer vi å få kartlagt interessa for eit slikt kurs. Medlemar av sau og geit vil verte prioritert, då deltakar på arrangement i regi av sau og geit, i følge lagslovene til NSG, skal vere medlem.

Eigenandelen for kurset vert kr 1000,- pr ekvipasje.

Dei som er interessert i å delta på eit slikt kurs, må gje ei tilbakemelding til SFSG v. Ragnhild Sæle tlf. 416 33 342 eller ragnhild.saele@eninvest.net innan **15.august 2022**.

GEITEDAGANE 2022

26. – 28. august 2022 arrangerer NSG Geitedagane 2022 i Ørsta. Innbyding med program og meir informasjon finn du her: <https://www.nsg.no/geit/geitedagane-2022-1/>

Den 25.-26. august vert det eit arrangement for unge geitebønder og unge som er på veg inn i næringa: <https://www.nsg.no/geit/geitedagane-2022-1/>

KÅRING

Informasjon om årets kåringsseong kjem seinare.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

HAUSTSAMLING 2022

Haustsamlinga vert 4. og 5.november på Thon Hotel Skei. Styret tek fortsatt imot innspel frå lokallaga på aktuelle tema til samlinga.

ÅRSRAPPORT M.M

Det er framleis ein del lokallag som ikkje har sendt inn årsrapport m.m. Her er og lag som ikkje har fått på plass organisasjonsnummer. **Lokallag som ikkje har sendt inn årsrapport m.m. vil ikkje få refundert sin del av medlemspengane. Fylkeslaget får ikkje sin del av medlemspengane. Lokallag som ikkje har organisasjonsnummer, vil heller ikkje få utbetalt ullpengar.**

Lokallag som har problem med å få avvikla årsmøte m.m., bør vurdere kva dei skal gjere. Alternativ kan vere å slå seg saman med eit anna lokallag eller legge ned lokallaget, så kan medlemmane melde seg inn i det lokallaget dei ønskjer. **Treng de hjelp, så ta kontakt.** NSG sentralt har oppmoda fylkeslaga om å følgje opp lokallag som ikkje har sendt inn årsrapport m.m. Styret i SFSG har som mål å kontakte alle dei laga som ikkje har sendt inn årsrapport m.m. i 2022.

Ønskjer alle ein god sommar og ein god beitesesong.

Styret.